

Litteraturselskapet  
Det Norske Samlaget

Årsmelding og rekneskap  
2023



## Litteraturselskapet - årsmelding 2023

1. *Litteraturselskapet* Det Norske Samlaget er ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868 med hovudoppgåve å leggja tilhøva til rette for nynorsk bokutgiving. Forlaget Det Norske Samlaget blei i 1978 skilt ut som sjølvveigande stifting. Dei som tingar tidsskriftet Syn og Segn er medlemmer i Litteraturselskapet. Selskapet held til i Oslo i leigde lokale.

2. *Talet på medlemmer* var 31. desember 1105 mot 1325 året før.

3. *Heidersmedlemmer* er Arthur Arntzen, Brit Bildøen, Ola E. Bø, Kjartan Fløgstad, Jon Fosse, Ottar Grepstad, Audun Heskestad, Ragnar Hovland, Kjellbjørg Lunde, Eldrid Lunden, Erna Osland, Maria Parr, Andreas Skartveit, Aud Søyland, Karl Arne Utgård, Guri Vesaas, Einar Økland, Kjell Snerte og Kari Huus.

4. *Styret og valnemnda etter årsmøtet 26. april 2023*

Styreleiar John-Ragnar Aarset, på val i 2024.

Styremedlemmer:

Solrun Toft Iversen, på val i 2024.

Olin Johanne Henden, på val i 2024.

Sarah Sørheim, på val i 2025.

Stig Haug, på val i 2025.

1. varamedlem Svein Olav Langaker, på val i 2024

2. varamedlem Eli Ulvestad, på val i 2025.

Valde av dei tilsette i forlaget: Cecilie Seiness med David Allan Aasen som varamedlem, begge for eitt år.

I 2023 blei det halde to styremøte i Litteraturselskapet. Styret konstituerte seg med John-Ragnar Aarset som leiar.

Etter årsmøtet er dette valnemnda: leiar Espen Udland (på val i 2024). Ragnhild Bjørge (på val i 2025), Bård Vegar Solhjell vald for 2 år på val i 2025, og Arne Medlien vald til vara for 1 år.

Årsmøtet valde dette rådet: Svein Olav Langaker blei vald som rådsordførarar for eitt år, på val i 2024. Britt Bildøen og Kristin Maurstad er på val i 2024. Lise-May Sæle, Anders Kvernmo Langset, Kristin Helle-Valle og Øystein Espe Bae blei alle attvalde og er på val i 2025. Trond Leirvik Onarheim blei vald for to år og er på val i 2025.

Rådet hadde 2 møte i 2023.

Statsautorisert revisor Berit Alstad, PricewaterhouseCoopers AS, var ansvarleg revisor.

5. *Det økonomiske resultatet*

Årsrekneskapen er sett opp ut frå føresetnaden om vidare drift. Inntektene er renter på kapitalen. Laget har i meldingsåret eit overskot på kr 31 044. Selskapet driv inga verksemd som ureinar det ytre miljøet.

6. *Styremedlemmer i forlaget*

Frå og med 2019 sit dei same personane i styra til Litteraturselskapet og Stiftinga, i tråd med lovendringane frå 2018.

7. *Sekretær* i Litteraturselskapet var forlagsdirektør Edmund Austigard. Det er ingen fast tilsette i selskapet.

#### 8. *Syn og Segn*

Tidsskriftet kom med fire hefte. Årspengane var 450 kroner for vanlege abonnentar, 375 kroner for skuleungdom og studentar og 675 kroner for institusjonar. Laussalprisen er 129 kroner. Alle nye abonnentar får bladet til introduksjonsprisen 300 kroner.

#### 9. *Arbeidsoppgåver i meldingsåret*

Styret arbeider etter ein plan som speglar kjerneoppgåvene for Litteraturselskapet og eit tydeleg skilje mellom Stiftinga og Litteraturselskapet sitt ansvar, i samsvar med tidlegare drøftingar og fellesmøte med dei to styra.

Litteraturselskapet arrangerer årsmøte innan utgangen av april i året etter meldingsåret. Styret er også ansvarleg for forvaltninga av fondskapitalen i Haavoll-Lølandfondet og Samlagsfondet. Overskottet av kapitalforvaltninga går til utdeling av prisar og legat omskrive i føremåla til dei to fonda.

Litteraturselskapet er utgivar av tidsskriftet *Syn og Segn* som også er medlemsbladet. Styret har også i 2023 arbeidd med å styrke tilskottet tidsskriftet får frå Kulturrådet.

Administrasjonen deltok i budsjettøyringa i Kulturkomiteen hausten 2023. Der blei det teke opp at elevar med nynorsk opplæringspråk har for lite litteratur tilgjengeleg. Det blei også teke til ordet for ei sterkare satsing på skulebiblioteka.

Vennelaget Samlagsrota er skipa i 2013 av folk som sluttar opp om Det Norske Samlaget og nynorsk språk og litteratur. Vennelaget Samlagsrota er eit con amore-basert medlemstiltak, som arbeider med å fremje nynorsk bokutgjeving - enkeltbøker, forfattarskapar eller meir allmenne kultur- og språkpolitiske emne. I medlemsåret vart det halde seks styremøte (i tillegg til årsmøtet i mars). Omframt Stiftinga Det norske Samlaget var Oslo mållag og Den mangfaldige Scenen samarbeidspartnarar i 2023. I styret sat Mads Liland (leiar), Oddrun Grønvik, Liv Hege Skagestad, Dagfinn Worren, Ole Jan Borgund og Marit Hovdenak.

#### 10. *Litteraturprisar og tildelingar*

I 2023 har desse fått litteraturprisar som Litteraturselskapet Det Norske Samlaget har ansvaret eller har medansvar for å dela ut.

**Blix-prisen:** gjekk til Sigrid Agnethe Hansen.

**Sokneprest Alfred Andersson-Ryssts pris:** gjekk til Gerður Kristný Guðjónsdóttir.

**Samlagsprisen:** Ikkje bestemt, blir delt ut på årsmøtet april 2024. *Samlagsprisen* er ein årleg pris som skal gå til ein forfattar som skriv på nynorsk, uavhengig av forlag. Prisen skal annakvart år veksle mellom å gå til ein hovudsakleg faglitterær og skjønnlitterær forfattarskap. Prisen er på 50 000 kroner. Prisen gjekk i 2022 til Alfred Fidjestøl.

**Nynorsk litteraturpris** – som blir delt ut i samarbeid med Noregs Mållag og Det Norske Teatret – ikkje bestemt. Blir delt ut ved opninga av landsmøtet til Noregs Mållag i Trondheim fredag 19. april 2024.

**Alf Helleviks mediemålpris:** Ikkje bestemt, blir delt ut på årsmøtet april 2024.

**Fridthiov Oos-prisen:** Ikkje bestemt, blir delt ut på årsmøtet april 2024.

**Hulda Garborg-stipendet:** Berre annankvart år. Prisen gjekk til Morten Svartveit i 2022.

#### 11. Fond og legat

Dei fonda og legata som Det Norske Samlaget no styrer eller fører tilsyn med, hadde ved utgangen av 2023 ein samla kapital på 8 388 204 kroner. Resultat før utdelingane var 244 086 kroner.

<b>FOND OG LEGAT 2023</b>			
	Resultat		Kapital
	før utdelingar	Utdelingar	per 31.12.23
Samlagsfondet	238 696	100 000	7 529 624
Haavoll-Lølandsfondet	5390	0	858 580
	244 086	100 000	8 388 204
Kapitalen i desse fonda var per 31. desember 2023 plassert slik:			
		Haavoll-	
	Samlagsfondet	Lølandsfondet	Sum
Aksjar	39 959	25	39 984
Bankinnskot i Danske Bank	104 414	11 070	115 484
Bankinnskot Grue Sparebank	7 450 452	847 485	8 297 937
Til gode/gjeld	-65 201	0	-65 201
	7 529 624	858 580	8 388 204
Spesifikasjon			
	Kortsiktige	Kortsiktig	
	fordringar	gjeld	Netto gjeld
Samlagsfondet	3 096	68 297	-65 201
Haavoll-Lølandsfondet	0	0	0
	3 096	68 297	-65 201

Prisnemnda for *Nynorsk litteraturpris* hadde desse medlemmene: Carl Morten Amundsen (oppnemnd av Det Norske Teatret), Margit Walsø (oppnemnd av Noregs Mållag) og Magne Julin Vik-Mo (oppnemnd av Det Norske Samlaget).

*Fridthiov Oos-prisen* hadde denne juryen: Magne Aasbrenn, Synnøve Marie Sætre og Kirsti Lunde (oppnemnde av Det Norske Samlaget).

*Sokneprest Alfred Andersson-Ryssts pris* hadde desse medlemmene i juryen: Edit Bugge, Margunn Rauset og Øystein Vangsnes (oppnemnde av Det Norske Samlaget).

*Alf Helleviks mediemålpris* hadde denne nemnda: Sølve Rydland, Lars Ivar Nordal og Sølve Rydland (alle oppnemnde av Det Norske Samlaget).

Prisnemnda for *Samlagsprisen* hadde desse medlemmene: Liv Hege Skagestad (oppnemnd av Vennelaget Samlagsrota), Kristian Lødemel Sandberg (oppnemnd av Det Norske Samlaget) og Gunnstein Akselberg (oppnemnd av Det Norske Samlaget).

*Emma og Elias Blix' pris (Blixprisen)* hadde denne nemnda: Hallvard Andre Kjelen, Anne O. Bjørkli og Aslaug Eidsvik (alle oppnemnde av Det Norske Samlaget).

*Oslo, 26. februar 2024*

John-Ragnar Kvam Aarset Solrun Toft Iversen Cecilie Seiness  
Leiar

Sarah Sørheim Olin Johanne Henden Stig Haug Svein Olav Langåker

---

Edmund Austigard  
dagleg leiar

# LITTERATURSELSKAPET DET NORSKE SAMLAGET

## REKNESKAP 2023

### RESULTATREKNESKAP

	Note	2023	2022
<b>Inntekter:</b>			
Renteinntekter		53 602	30 080
Sum inntekter		<u>53 602</u>	<u>30 080</u>
<b>Kostnader:</b>			
Revisjon	7	21 000	18 750
Nynorsk litteraturpris	3	0	16 666
Bankgebyr		1 558	6
Sum kostnader		<u>22 558</u>	<u>35 422</u>
Årsresultat		<u>31 044</u>	<u>-5 342</u>

### BALANSE PR. 31. DESEMBER

		2023	2022
<b>Eigneluter:</b>			
Kortsiktig fordring	3	65 510	15 000
Kortsiktige gjeld			
Bank		1 632 816	1 652 283
		<u>1 698 326</u>	<u>1 667 283</u>
<b>Gjeld og egenkapital:</b>			
Eigenkapital	8	1 667 283	1 672 625
Årsresultat		31 044	-5 342
		<u>1 698 327</u>	<u>1 667 283</u>

Oslo, 26. februar 2024

John-Ragnar Kvam Aarset   Solrun Toft Iversen   Cecilie Seiness  
*Leiar*

Stig Haug   Olin Johanne Henden   Svein Olav Langåker   Sarah Sørheim

---

Edmund Austigard  
*Dagleg leiar*



## Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

### Notar til rekneskapen 2023

#### Note 1 Prinsipp for føring av rekneskapen

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk etter reglane for små føretak.

#### Note 2 Lønnskostnad, tal på tilsette og liknande

Selskapet har ikkje hatt tilsette i 2023.

#### Note 3 Fordringar, gjeld, pant, garantiforplikting

Det er ikkje stilt garantiar eller pant frå selskapet.

Blixprisen for 2023 på 15 000 kr + ei ramme til diplommet på 510 kr vart ved ein feil utbetalt frå Litteraturselskapet men skulle korrekt ha vore utbetalt frå Samlagsfondet. Dette er bokført som kortsiktig fordring. 15 510 kr vart tilbakebetalt i januar 2024 frå Samlagsfondet til Litteraturselskapet. Samlagsprisen for 2022 på 50 000 kr vart ved feil utbetalt dobbelt. Først korrekt frå Samlagsfondet i februar 2023 og deretter feilaktig frå Litteraturselskapet i april 2023. 50 000 kr er ført som kortsiktig fordring for 2023 og 50 000 kr er i januar 2024 tilbakebetalt frå prisvinnar til Litteraturselskapet.

#### Note 4 Styre og leiing

Styreleiar: John-Ragnar Kvam Aarset

Sekretær for selskapet: Edmund Austigard

#### Note 5 Bundne midlar

Det er ingen bundne midlar i selskapet.

#### Note 6 Varige driftsmiddel

Det er ingen varige driftsmiddel i føretaket.

#### Note 7 Godtgjersler

Det er ikkje utbetalt lønn og anna godtgjersle i 2023. Det er heller ikkje utbetalt godtgjersle til sekretær eller styret. Honorar til revisor er rekneskapsført med kr 21 000 medrekna meirverdiavgift.

#### Note 8 Eigenkapital

Eigenkapital 01.01.2023           kr 1 667 283

Årsresultat - overskot           kr    31 044

Eigenkapital 31.12.2023       kr 1 698 327

# Verifikasjon

Transaksjon 09222115557512483952

## Dokument

Litteraturselskapet 2023 årsmelding med rekneskap og notar

Hoveddokument

6 sider

Initiert på 2024-03-14 10:26:56 CET (+0100) av Anlaug Lid (AL)

Ferdigstilt den 2024-03-19 11:35:34 CET (+0100)

## Initiativtaker

Anlaug Lid (AL)

Det Norske Samlaget

a.lid@samlaget.no

## Underskriverne

<p>John-Ragnar Aarset (JA) jraarset@hotmail.com Signert 2024-03-14 11:22:39 CET (+0100)</p>	<p>Cecilie Seiness (CS) c.seiness@samlaget.no Signert 2024-03-14 10:34:43 CET (+0100)</p>
<p>Olin Johanne Henden (OJH) ojohanne007@gmail.com Signert 2024-03-14 11:22:42 CET (+0100)</p>	<p>Stig Haug (SH) stig@stigogstein.no Signert 2024-03-14 11:55:32 CET (+0100)</p>
<p>Sarah Sørheim (SS) sarahsorheim@gmail.com Signert 2024-03-14 15:01:24 CET (+0100)</p>	<p>Svein Olav Langåker (SOL) sveio@hotmail.com Signert 2024-03-14 10:55:40 CET (+0100)</p>
<p>Edmund Austigard (EA) e.austigard@samlaget.no Signert 2024-03-14 10:36:56 CET (+0100)</p>	<p>Solrun Toft Iversen (STI) solrun.iversen@dns.no Signert 2024-03-19 11:35:34 CET (+0100)</p>

Denne verifiseringen ble utstedt av Scrive. Informasjon i kursiv har blitt verifisert trygt av Scrive. For mer informasjon/bevis som angår dette dokumentet, se de skjulte vedleggene. Bruk en PDF-leser, som Adobe Reader, som kan vise skjulte vedlegg for å se vedleggene. Vennligst merk at hvis du skriver ut dokumentet, kan ikke en utskrevet kopi verifiseres som original i henhold til bestemmelsene nedenfor, og at en enkel utskrift vil være uten innholdet i de skjulte vedleggene. Den digitale signeringsprosessen (elektronisk forsegling) garanterer at dokumentet og de skjulte vedleggene er originale, og dette kan dokumenteres matematisk og uavhengig av Scrive. Scrive tilbyr også en tjeneste som lar deg automatisk verifisere at dokumentet er originalt på: <https://scrive.com/verify>







Til årsmøtet i Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

## Melding frå uavhengig revisor

### Uttalelse om årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Litteraturselskapet Det Norske Samlaget som er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av organisasjonen si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av organisasjonen i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

#### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til organisasjonen si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.



### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå tryggende sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til:

<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Oslo, 18. april 2024

**PricewaterhouseCoopers AS**

Berit Alstad  
Statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)

## Revisjonsberetning Litteraturselskapet

---

### Signers:

<i>Name</i>	<i>Method</i>	<i>Date</i>
Alstad, Berit	BANKID	2024-04-18 19:27



**This document package contains:**

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.